

# REGIONAL PLAN FOR DOVREFJELLOMRÅDET

HØYRINGSUTKAST

## Handlingsprogrammet

Versjon 1.0.1



Foto: Olav Strand



Foto: Ole Einar Butli Haarstad

## **Innhald**

1.0 Innleiing .....	3
2. Tiltak .....	4
2.1 Program for å følgje med på villreinen sin arealbruk og bestandsutvikling. ....	4
2.2 Program for å følgje med utvikling i ferdsel og anna bruk av planområdet. ....	5
2.3 Besøksstrategi for Dovrefjellområdet .....	5
2.4 Kulturminne .....	6
2.5 Årsmelding .....	7
3 Økonomi.....	7

## 1.0 Innleiing

Regional plan for Dovrefjellområdet består av følgjande delar:

- Planomtale med konsekvensutgreiing
- Planføresegner
- Plankart
- Handlingsprogram.

Dette dokumentet gjer greie for handlingsprogrammet.

Plan- og bygningslova § 8-1 seier m.a. følgjande:

*«Til regional plan skal det utarbeides et handlingsprogram for gjennomføring av planen. Handlingsprogrammet skal vedtas av regional planmyndighet og rulleres årlig.»*

Dette gjev at handlingsprogrammet skal innehalde forslag til konkrete tiltak for gjennomføring av planen. Hovudmålet med regional plan for Dovrefjellområdet er:

*«Målet med den regionale planen for Dovrefjellområdet er å sikre ei bærekraftig og langsiktig areal- og ressursforvaltning i planområdet. Dette innebærer å ivareta fjelløkosystemet med villreinen som nykkjelart, sikre inngrepsfrie naturområde, sikre kulturminne og kulturlandskap og legge til rette for eit aktivt friluftsliv.»*

*Det skal kunne leggest til rette for bærekraftig næringsutvikling i planområdet som bidrag til å sikre livskraftige bygdesamfunn. Dette skal skje på ein slik måte at det ikkje reduserer verneverdiane.»*

Vidare er det sett opp følgjande delmål:

- A. Lokal forståing, auka kompetanse og forankring av vern og ressursforvaltning.
- B. Sikre ei bærekraftig og langsiktig areal- og ressursforvaltning.
- C. Legge til rette for bærekraftig næringsutvikling.
- D. Sikre lokal forvaltning av verneområda.

Det er tiltak i sjølve planen som i hovudsak vil bidra til å oppfylle målsettingane i planen. Desse tiltaka er:

- Fastsetting av grensene for eit nasjonalt villreinområde (leveområde for villrein) der det ikkje skal etablerast nye byggeområde/-tiltak utanom det som skjer i landbruket.
- Differensiert bruk av buffersoner for sikring av villreinen sine leveområde, og vidare utvikling av område viktige for nærings- og samfunnsutvikling.
- I dei bygdenære område vil den regionale planen ikkje innskrenke kommunen si mynde som planstyresmakt.

Tiltaka i den regionale planen er, som det går fram av oppstillinga ovanfor, av forvaltingsmessige karakter som ikkje skal følgjast opp med konkrete utbyggingar eller organisatoriske grep. Særleg dei villreinfaglege måla i planen er sikra ei god oppfylling på denne måten.

Handlingsprogrammet er derfor prega av tiltak knytt til dokumentasjon, overvaking og formidling:

- Program for å følgje med på villreinen sin arealbruk og bestandsutvikling.
- Program for å følgje med utvikling i ferdsel og anna bruk av planområdet.
- Skjøtsel og tilrettelegging av kulturminne.

Når det gjeld målet om «bærekraftig næringsutvikling» kan planregimet i nokon grad gje rammevilkår, men det er i stor grad opp til andre aktørar å etablere nye og vidareutvikle eksisterande verksemder. Mål og verkemiddel i det regionale arbeidet med næringsutvikling er både omfattande og samansett. For å oppfylle målet om å leggje til rett for bærekraftig næringsutvikling vil det vera tenleg å konkretisere dette i ein besøksstrategi for Dovrefjellområdet.

## 2. Tiltak

### 2.1 Program for å følgje med på villreinen sin arealbruk og bestandsutvikling.

Bakgrunn	Villreinen sin arealbruk og bestandssituasjon er dokumentert gjennom ulike program og prosjekt i regi av villreinutval og offentlege instansar som NINA og SNO. Gjennom Overvakingsprogrammet for hjortevilt er det etablert faste opplegg med minimumsteljingar, kalvteljingar og strukturteljingar.
<b>Tiltak 1</b>	Faste opplegg med minimumsteljingar, kalvteljingar og strukturteljingar av villreinflokkane gjennom overvakingsprogrammet for hjortevilt.
Ansvar	Villreinutvala i Snøhetta og Knutshø, NINA, SNO.
Kostnad/finansiering	Viltfondet, SNO.
<b>Tiltak 2</b>	Vidareføring av arbeidet med kartlegging av villreinen sin arealbruk i planområdet.
Ansvar	Styringsgruppa for FoU-prosjekta i Snøhetta og Knutshø, samt Norsk Villreinsenter som sekretariat.
Kostnad/finansiering	Partane i FoU-samarbeidet.

## 2.2 Program for å følge med utvikling i ferdsel og anna bruk av planområdet.

Bakgrunn	Nyare forskning og overvaking har sett på samanhengen mellom menneskeleg ferdsel og villreinen sin arealbruk. Den menneskelege ferdsla har blitt registrert ved hjelp av spørjeundersøkingar, automatiske og visuelle teljingar og bruk av GPS-teknologi.
Tiltak	Vidareføring av arbeidet med kartlegging av menneskeleg ferdsel i planområdet.
Ansvar	Styringsgruppa for FoU-prosjekta i Snøhetta og Knutshø, samt Norsk Villreinsenter som sekretariat.
Finansiering	Partane i FoU-samarbeidet.

## 2.3 Besøksstrategi for Dovrefjellområdet

Bakgrunn	Miljødirektoratet har lagt til grunn at det skal utarbeidast besøksstrategiar for dei store verneområde. Slike besøksstrategiar skal klårleggje behovet for informasjon, tilrettelegging og informasjon. Vidare skal besøksstrategien leggje grunnen for å ta i bruk verneområda som ei merkjevare og ein ressurs i lokalsamfunna si næringsutvikling. Besøksstrategien må vege bruken opp mot ansvaret ein har for å ta vare på verneverdiane.
Tiltak	Det blir utarbeidd ein besøksstrategi for Dovrefjellområdet med fokus på: <ul style="list-style-type: none"><li>• Behov for tilrettelegging og informasjon.</li><li>• Kanalisering av ferdsla.</li><li>• Dei besøkande sine ynskjer og behov.</li><li>• Samhandling med friviljuge organisasjonar og kommersielle aktørar.</li><li>• Merkevarerbygging og næringsutvikling.</li><li>• Utvikling av viktige innfallsportar.</li><li>• Tålegrenser for landskap og villrein.</li></ul>
Ansvar	Nasjonalparkstyret
Finansiering	Miljødirektoratet, fylkeskommunen

## 2.4 Kulturminne

Bakgrunn	<p>Kulturminna står i ein særstilling som berarar av historisk kunnskap og verdjar. Kulturminna gjev slik perspektiv til dei problemstillingar og val vi står ovanfor i forvaltning av planområdet.</p> <p>Det vil såleis ha stor verdi at utvalde kulturminne blir aktivt skjøtta og tilrettelagd for fomidlingsføremål. I den samanhengen er det også viktig med eit utval av kulturminne som ikkje berre er knytt til fangstkultur, og med geografisk spreining til kvar av fylka. Sæterkulturen representerer ei særleg rik historie i bruken av våre fjell. Likeins har ulike vegfar vore viktige for utviklinga i regionen og kontakten mellom dei ulike bygdene. Hendingane frå siste verdskrigen er av stor interesse for landet og folk i dei ulike kommunane.</p>
<b>Tiltak 1</b>	<p>Skjøtsel og tilrettelegging av ein kulturminnelokalitet i kvart av dei fire fylka med fordeling på følgjande tema:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• fangstkultur</li><li>• sæterkultur</li><li>• vegfar</li><li>• hendingar frå siste verdskrigen.</li></ul>
Ansvar	Oppland fylkeskommune, Møre og Romsdal fylkeskommune, Sør-Trøndelag fylkeskommune, Hedmark fylkeskommune.
Finansiering	Fylkeskommunane, nasjonalparkstyret.
<b>Tiltak 2</b>	Oppdatering av Askeladden. Det er til dels store mengder med registrerte data for kulturminnelokalitetar som ikkje er lagt inn i databasen.
Ansvar	Fylkeskommunane.
Finansiering	Fylkeskommunane.
<b>Tiltak 3</b>	Registrering av kulturminne. Delar av planområdet er i liten grad kartlagt for kulturminne. Det er viktig å gjennomføre nye kartleggingar av kulturminne for å betre den samla oversikta over kulturminneverdiane i planområdet.
Ansvar	Fylkeskommunane.
Finansiering	Fylkeskommunane.

## 2.5 Årsmelding

Bakgrunn	Planområdet er stort og samansett. Kommunane møter til dels ulike problemstillingar i si arealforvalting. Det blir behandla ei på tal stor mengde saker kvart år.
<b>Tiltak</b>	Det er behov for ei årleg samanstilling av kommunane si arealforvalting i planområdet. Dette kan presenterast i ei årsmelding for planområdet. Her kan også anna relevant informasjon knytt til villrein, ferdsel og næringsutvikling takast med.
Ansvar	Oppland fylkeskommune
Finansiering	Fylkeskommunane.

## 3 Økonomi

Gjennomføring av handlingsprogrammet er avhengig av løyvingar i den enkelte fylkeskommune, og for samarbeidande aktørar.